

# Markens grøde inn på låven

I sommar skal også åndeleg føde haustast inn på låven hjå Toril og Johan Børsheim i Ulvik. No stablar dei pallar og høypallar – til teatersete.

ARNE HOFSETH  
RUNE SÆVIG (foto)

arne.hofseth@bt.no

Frå sin tilmålte halvmeter med tørrhøy kan publikum oppleve skodespelarane Juni Dahr og Gard B. Eidsvold utfalda seg på låvegolv. Første helga i august framfører dei spelstykket «Markens Grøde» etter Knut Hamsun sin nobelprislonde roman frå 1917. Stykket er regissert av Yngve Sundvor frå Øystese.

## Intimt

På den ti meter breie låven blir det garantert intimt teater. Avstanden mellom aktørar og publikum blir minimal. Kulissane er enkle. Pallar på golvet representerer hus, og klemt frå ekte ku- og sauebjøller symboliserer ulike dyr.

Pallar er det flust av i Ulvik, bygda med eigen pallefabrikk. Difor vert pallar også fundament i publikumsseta. Med ein halv høypalle til manns, blir det 50 cm setebreidd til kvar, og plass til 215 på kvar framsyning.

– Den som treng 60 centimeter bør gjerne alliera seg med ein som berre treng 40, antydar Toril Børsheim, og átvarar mot å stilla i den aller tynnaste sommarkjølen. Då kan tørrhøyet stikka litt.

## Sponheim trør til

– Har de nok høy?

– Nei, men vi har gode naboar.

– Skal venstrevridd høy frå Sponheim inn på ein Senterpartilåve?

– Ja, Lars har lova å stilla med ein heil haug med høypallar. Det må vel gå bra om vi plasserer dei på venstre sida!

Eit flaskelam snusar ivrig på ein gammal slåmaskin for hestedrift.

– Vi fann denne gamle slåmaskinen under ryddinga, og lurer på om han kan inngå som ekstra kulisse, på eller utanfor speleflata, eller ute på tunet. Eit av minna eg har frå «Markens Grøde» er korleis Isak Sellanrå strevde med bolten på ein slik slåmaskin, sei-



TEATERSJAUARAR: Toril og Johan Børsheim i arbeid med å rigga originale publikumsplassar til låveteateret.

## fakta visjoner

■ Visjoner er ei stifting for teater og film skipa av skodespelarane Juni Dahr i 2006.

■ I prosjektet «Låvetour 2007» viser Sellanrå-gruppa «Markens Grøde» av Knut Hamsun i Yngve Sundvor sin regi i låver på gardar over heile landet. Gard B. Eidsvold i rolla som Isak Sellanrå, Juni Dahr som Inger.

■ Tre framsyningar på Børsheim i Ulvik 3.–5. august i kombinasjon med Husmannstovetrefet. Ope hus fredag for den som vil sjå den teaterrigga låven før framsyninga.

er Johan. Toril og Johan Børsheim har seks kyr og ein saueflokk på garden. Det er nok når ho er lærar og han veterinær. Men for så mange andre bønder er dei uroa over om neste generasjon vil overta. Den flotte garden har potensial til meir enn tradisjonell gardsdrift.

– Økonomisk risiko med ei slik tilskiping?

– Billettsalet ser bra ut. Fullt på laurdag, nesten fullt på fredag, men framleis god plass på sundag. Vi taper neppe pengar, men får dårleg timebetaling for arbeidet.

– Kven av dykk er teaterfrelst?

– Ingen. Begge, seier dei, lite samstemt.

Dei reknar seg som kulturinteresserte, men er ikkje faste teatergjengarar. Det kan gå lang tid mellom kvar gong. Men dei er idrettsinteresserte så det held, særleg langrenn. Toril har også ei fortid som turnar.

– Første gongen eg merka meg Juni Dahr, var då ho gjekk forbi meg i Ørnarrennet, vedgår ho.



KULISSE: Slåmaskinen i bakgrunnen kan bli kulisse sidan Isak Sellanrå strevde med ei slik.

Det er rolla som støtteapparat for tre søner som har ført dei inn i kulturen. Alle tre sønene har fylgt i faren sine skispor. Og no er folkedansen komen inn i familien for fullt. Sonen Torkjell (23) er blant dei spretteste hallingdansarane i landet.

## Husmannstovetref

– Ungdommane har halde til på

den nyrestaurerte husmannsplassen Kvemmadokkje med sine sommartreff. Slik blir det også i år, same helga som teaterframsyninga på låven, fortel teaterarrangørane.

Dermed blir det stor aktivitet på Børsheim heile helga 3.-5. august, både i hovudtunet og på husmannsplassen som ligg 200 meter unna.

## Siste kontrakt for Operaen

Den siste av i alt 50 byggekontrakter i operaprojektet er inngått. Prosjektleder Roar Bjordal sier de ligger an til å komme godt innenfor kostnadsrammene. Den siste kontrakten til byggingen av operaen i Bjørvika var det Network Norway AS som fikk, og skal dermed levere telefonien i bygget. Den første kontrakten ble inngått i 2002. Til tross for at prisstigningen i byggemarkedet i Oslo har vært stor, sier prosjektleder for operaen, Roar Bjordal, at det ser ut til at operaen bli ferdig godt innenfor kostnadsrammene Stortinget fastsatte. NTB

## Kjøpesenter ingen hindring for kultursenter

Sølvi Rolland Murphys planer om kultursenter i Odda står fast, til tross for at deler av smelteverkstomten nå blir kjøpesenter.

BODIL GARVIK

bodil.garvik@bt.no

– Tomten er jo formidabel, og et senter med masse butikker ødelegger ikke noe for oss. Det vil i stedet være positivt for begge parter, sier Sølvi Rolland Murphy.

Det er bostyrets del av smelteverkstomten i Odda som nå er kjøpt av en lokal investorgruppe. Kjøperne har så langt bebudet restaurering og kjøpesenter.

Området Sølvi Rolland Murphy sammen med ektemannen Declan Murphy er interessert i til kulturformål, eies av Odda kommune.

### 70 millioner kroner

– Vi er i dialog med kommunen. Innen 15. september signerer vi en intensjonsavtale med dem, sier Rolland Murphy, som er teatersjef på Ole Bull Teater i Bergen.

Hun opererer med en sum på 70 millioner kroner for å få prosjektet opp og stå.

– Vi går inn med 55 prosent av midlene; resten tar Odda kommune og staten, sier Rolland Murphy,

som planlegger både et teater med plass til 1500 mennesker og hotell på det gamle smelteverksområdet.

– Vi ser for oss sommerforestillinger rettet mot turister. En halv million turister kjører jo forbi Odda hver sommer uten å stoppe, sier hun.

### Internasjonalt

Rolland Murphys plan består også i en skole som skal gi opplæring i sceneproduksjon, i tilknytning til teatret.

I tillegg er målet å etablere en kunstnerby, med boliger, atelierer, galleri og andre fasiliteter som

skal tiltrekke seg kunstnere fra hele verden, som betaler for oppholdet med et kunstverk. Enkelte har uttrykt skepsis til prosjektet.

– Vi har lett etter et slikt sted lenge. Odda er perfekt til formålet, med fjell, fjord og det gamle industriområdet. Og mange i Odda er veldig positive og entusiastiske, sier Sølvi Rolland Murphy, som sammen med ektemannen har interesser i et tilsvarende prosjekt i landsbyen Cill Rialaig i Irland.

– De var skeptiske der også i starten for 14 år siden. Det er de ikke nå lenger, sier Ole Bull-sjefen.